

11.40-12.20, Mimes Brønn

Kaja Elise Enge, Charlotte Johannesen, Christine Langeland og Merete Hoel Roaldsnes

Musikk og helse i barn og unge sin oppvekst: Perspektiv på tverrfagleg samarbeid

Samandrag: «Tverrfagleg arbeid» og «tverrfaglege tilbod» er ord og målsetjingar vi ofte hører og møter. Sjølv har vi gått det tverrfaglege i møte med stor iver, men også opplevd at det kan vere vanskeleg å få til i ein travel praksiskvartdag. I denne presentasjonen vil vi gå inn på ulike nivå av tverrfagleg samarbeid omkring musikk og helse i barn og unge sin oppvekst. Med utgangspunkt i erfaring frå kommunalt psykisk helsearbeid og frå barne- og ungdomsskole, vil vi sjå nærmare på tverrfagleg utvikling av tilbod, tverrfagleg praksissamarbeid, samt kontekstuelle forhold som kan hindre og fremme samarbeid på tvers av profesjon. Vi vil presentere konkrete eksempel, men òg meir overordna perspektiv på korleis ulike tilbod og samarbeidsformer kan klinge saman og fylle ulike behov. Målet er å lage tilbod og system som i størst mogleg grad er relevant for barn og unge og bidreg til ein god barndom.



Frå venstre: Kaja Elise Enge, Charlotte Johannesen, Christine Langeland og Merete Hoel Roaldsnes. Foto: privat.

Kaja Elise Enge og **Charlotte Johannesen** jobbar i Barne- og familiehjelpen (Etat for barn og familie, Bergen kommune), med barn, ungdom og familiær som opplever utfordringar i kvardagen. Charlotte Johannesen er utdanna klinisk vernepleiar og har

familieterapiutdanning frå RKBU og master i familieterapi frå HVL. Ho har spesialisering innan psykisk helse for barn og unge og jobbar som tverrfagleg spesialist i Barne- og familiehjelpen. Charlotte var med i arbeidsgruppa for implementering av musikkterapi i Barne- og familiehjelpen. Kaja Elise Åslid Enge er utdanna musikkterapeut frå Aalborg Universitet. Ho har jobba mykje med barn og unge med fluktbakgrunn og har skrive doktorgrad om dette temaet. Kaja har vore prosjektleiar for utgreiing og implementering av musikkterapi i Etat for barn og familie i Bergen kommune, og jobbar i dag som musikkterapeut.

Christine Langeland er utdanna lektor. Ho har ein erfaringsbasert mastergrad som lærarspesialist i begynnarpoplæringa 1.-4.trinn. Ho har lang erfaring frå skulesektoren, både som kontaktlærar for 1.-2.trinn og som avdelingsleiar for 1.-4.trinn. På noverande tidspunkt er Christine kontaktlærar for 2.trinn og teamleiar for 1.-3.trinn ved Møre barne- og ungdomsskule i Ålesund.

Merete Hoel Roaldsnes er utdanna musikkterapeut med ph.d. Ho har dei siste åra jobba med musikkterapi i grunnskulen, både i kommunal og privat sektor. Ho arbeider for tida på Møre barne- og ungdomsskule i Ålesund der musikkterapi er del i skulens arbeid for å fremme helse, trivsel og læring blant elevane.